



Ingeborg frå Halsnøy sigra igjen

Ikkje overraskande var det Ingeborg (12) Grønset frå Halsnøy som kopierte fjorårssigeren i småstjernetevlinga med den vakre røysta si. Ho er utan tvil eit songtalent og det var aldri nokon tvil om at ho ville sigre i mønstringa som vart avvikla inne på Helgheim grunna det heftige regnet og var i regi av Systrene Nilsen.

Oppslutnaden var upåklageleg ettersom 9 grupper og einskildaktørar deltok - men kor var gutane? Morten Nilsen var ein sikker leiar medan kvartetten Espen Aakre Sjø, Gro Aakre, Ingrid Handeland og Hege Digranes sat i ein jury som bedømte prestasjonane på sparket.



Den høgt kvalifiserte juryen

Desse var med:

Thea Trææt og Marit Hatlevik

Ingeborg Grønset

Emma Ripel og Helene Myklebust

Anna Elisabeth Samland Eik og Celine Musland

Ella Karina Hjørnevåg og Emma Clemetsen

Ovidie K.D. Eide

Norah Hjørnevåg, Sigri Lekva og Karoline Myklebust

Henriette Gjerde, Margrethe Hillestad, Mia Wiedenmann, Aurora Nilsen Mathisen og June Marie Sætre Bjelland.

Det vart også delt ut prmiar for beste sceneopptreden og beste

antrekk. Den første gjekk til den siste gruppa og den siste til trioen Norah/Sigri/Karoline.

Jury og programleiar gav uttrykk for at dei var sterkt imponert over standarden og spådde at det var fleire kommande rockestjerner å finna i flokken. Særleg sterkt uttrykte dei seg om Ingeborg og røysta hennes og den gode kontrollen ho har over den.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Deltakarane vert presentert